

Silje Nesdal
Ammerudgrenda 81
0960 Oslo

www.siljenesdal.com
post@siljenesdal.com
+47 90735471
@siljenesdal

Oslo 20.05.25

Rapport – Representasjon på møbelutstillinger 2025

Mottakar av NIL-stipend 2025: Silje Nesdal

Beløp motteke: kr 15 000,-

Bruk av midlar: Deltaking på utstillingane Greenhouse (Stockholm Furniture Fair) og Maison&Objet (Paris)

Greenhouse – Stockholm Furniture Fair (februar 2025)

I februar 2025 deltok eg som ein av utstillarane i Lagvis, ei kuratert norsk gruppeutstilling i Greenhouse – ei avdeling på Stockholm Furniture Fair som er dedikert til uavhengige designarar. Her presenterte eg loungestolen L-stol for eit breitt publikum beståande av møbelprodusentar, innkjøparar, presse og andre aktørar i designbransjen.

Utstillinga var svært vellukka. Eg fekk god respons frå publikum og presse, og det blei etablert fleire verdifulle kontaktar. Framtida til L-stol er førebels uavklart, men interessa frå produsentar og distributørar peikar forhåpentlegvis mot utvikling og produksjon.

Stipendmidlane frå NIL blei nytta til å dekke kostnader knytt til reise, opphald, frakt av prototype og presentasjonsmateriell, noko som var avgjerande for ei profesjonell deltaking.

Maison&Objet – Paris (januar 2025)

Etter forespørsel frå produsenten Origin Made deltok eg i januar 2025 på møbel- og designmessa Maison&Objet i Paris. Her blei ein ny versjon av oppbevaringsmøbelet Veil Cabinet lansert, i tillegg til at eit anna møbel eg har designa for Origin Made blei presentert.

Deltakinga i Paris innebar både arbeid på stand og deltaking i ulike relasjonsskapande arrangement, som middagar og bransjeevent. Dette førte til verdifull nettverksbygging og styrka synleggjering av norsk design i ein internasjonal kontekst. Maison&Objet er ei av dei mest anerkjende arenaene for møbel- og produktdesign globalt, og eg ser denne deltakinga som viktig for utviklinga av mi rolle som designar.

Ettersom Origin Made ikkje hadde moglegheit til å dekke kostnader for mi deltaking, søkte eg NIL-styret om å få omdisponere delar av det innvilga stipendet til å inkludere reise og opphald i Paris. Denne fleksibiliteten gjorde det mogleg å realisere reisa og representere norsk design i ein viktig internasjonal samanheng.

Oppsummering og effekt

Stipendet frå NIL har vore avgjerande for at eg har kunna delta på begge desse sentrale møbelutstillingane. Gjennom desse prosjekta har eg oppnådd:

- Auka synlegheit for mitt arbeid og norsk design generelt
- Etablering av nye profesjonelle kontaktar
- Presseomtale og publisitet
- Mogleg vidareutvikling og produksjon av møblar

Eg takkar for støtta frå NIL, og håpar dette arbeidet vil bidra til å styrke posisjonen til norsk møbeldesign både nasjonalt og internasjonalt.